

Ryfylkealliansen

Ryfylke IKS

Næringsforeningen i Stavanger-regionen

i samarbeid med Sauda kommune, Sauda Vekst

og **Sparebanken Vest**



inviterer til

Arena Ryfylke

Tysdag 12. november 2024

Frå kl. 10.00 til 19.30 i Sauda

Kraftfull livsglede



Me trør gjerne til med ei spenstig overskrift, når me inviterer til Arena Ryfylke 2024. Og me har grunn til å seia det slik også. For ei folkehelseundersøking slår fast at folk i Ryfylke trivst betre med livet enn folk flest. Men, korleis står det då til med næringslivet? Optimistisk for framtida? Og korleis skal ein få tak nok folk til alle arbeidsplassane i regionen? Vil ungdomen heim igjen? Dessutan lurar me på om det er kraft nok til alle?

Arena Ryfylke er ei "klassereise" som startar på Folkets Hus og endar på Sauda Klubb. Men, det er meir enn ein tur frå arbeidarrørsla si høgborg og til funksjonærane sitt klubblokale. Arena Ryfylke er ein møtestad med spennande gjestar, aktuelle tema, positivt blick, reflekterande tema, prisutdelingar, kreativ synfaring, herleg mat frå Ryfylke og eit offensivt treffpunkt. Ja, kort og godt den årlege storsamlinga i Ryfylke. Bli med då vel. Og hugs: Påmelding før 15. September gjev litt lågare deltakaravgift.

Arena Ryfylke blir arrangert av Ryfylkealliansen, Næringsforeningen i Stavanger-regionen og Ryfylke IKS, i nært samspel med Sauda kommune og Sauda Vekst. Sparebanken Vest er vår hovudsamarbeidspartnar. I tillegg har me med oss fleire andre gode medspelarar.

Arena Ryfylke er på mange måtar “tre i ein”:

- **Aktuell Arena:** - føremiddag i Folkets Hus. Aktuelle tema, fleire korte innlegg og møte, lunsj og glimt i auga.
- **Smeltedigelen Sauda:** - ut på busstur/vandring i Sauda. Bli kjent med næringsliv, Sauda vgs, Sauda Skisenter og Sauda sentrum gjennom bedriftsbesøk, synfaring og historier.
- **Festmiddag** på Sauda Klubb med ryfylkemat av beste merke, kultur, Ryfylke-begeistring og Pilt-Ola prisen 2024.

NB: Under programmet, finn du info om transport, pris og påmelding.

Program:

Folkets Hus 10.20 til 14.00

Frå kl. 09.30 til 10.20: registrering, litt å bita i, drøs og bli kjent

Programmet startar 10.20:

“Det er her me helst vil bu”

Du får mellom anna med deg:

- Saudakultur det luktar svidd av
- Energien som går om att og om att og om att
- Frivillige Sauda er også energivillige Sauda
- Aldersvenleg bustadbygging
- Smelteverk på veg mot nullutslepp
- Driftig næringsliv og store tankar om ammoniakk og oppdrett
- Skråblikk på reiseliv



Kor og godt Sauda – i dag og framover, med næringsliv, ordførar, frivilligheit og kulturliv.

Sånn går det an å presentera seg!

“Livsglede og arbeidslyst”

- Det e her me like oss best! Ryfylkingen er mest lukkeleg.
- Men, kva er framtida for næringslivet i Ryfylke? Ved Remy Atle Bilsback i Sparebanken Vest

- Korleis er tempen på næringslivet i Ryfylke og kva såg me? Rykande fersk undersøking
- Ung arbeidslyst og ungt perspektiv:
 - Sommarjobben.no - korleis og koss og kva skjer? Ved Anne Bratthammer i Ryfylke IKS
 - Og så då? Ved ungdomsstyret i Ryfylke
 - Studentar frå Adresse Sauda utfordrar! Kor lett er det egentleg å finna ledige jobbar i Ryfylke?

“Grenselaus lunsj”

Nicolas Guindani driv matkonseptet Grenseløs. Det er berre til å gleda seg til ein mettande og smakleg lunsj i Folkets Hus.

«Kraftå har aldri vært rettferdig»

- Svein Ilstad i Statkraft og omfang, tilgang og framtid av energi
- Men, kva er situasjonen når kraftkrevjande industri vil etablera seg v/ Egil Hollund i Næringsforeningen i Stavanger-Regionen
- Diskusjon:
 - Kor bør kraftkrevjande industri leggjast? Skal krafta realiserast der ho er?
 - Korleis skapa aksept for grøn energimiks og nye industrieventyr?
 - Og kven skal tena på kva? Kven får gevinsten og kven sit att med rekninga?

Utdeling Merkevareprisen Ryfylke

14.00 Ut på tur i kraftfulle, kompakte Sauda

For kva er, kva skjer og kva blir det vidare? Bli kjent med Sauda gjennom både busstur og bytur med vertsskap av beste klasse. Me skal mellom anna besøkje:

- Sauda sentrum og Smeltingedigelen – internasjonal og ungdommeleg møteplass
- Sauda vidaregåande skule – distriktsskulen som alltid må tenkje nytt
- Svandalen – skisenter og snart gondol, eller?

Matpakke frå Grenseløs med på vegen!

Programmet blir oppdatert undervegs med innhald og namn

17.30 Ankomst Sauda Klubb

17.45 Festmiddag på ryfylkevis

Mange herlege ryfylkesmakar servert av Grenseløs

Utdeling av den gjeve Pilt-Ola prisen, Ryfylke sin store pris

Gnistrande kulturinnslag og godt lag



19.30 Avrunding middag

19.45 Buss til kaien for alle som skal ta båten tilbake

20.00 Avgang ekstrabåt, Rødne

Transport

Me oppmodar til å bruka kollektivtransport der det er mogleg. Frå Stavanger, Tau og øyriket kan ein reisa raskt og effektivt med hurtigbåt til Hebnes med korresponderande buss vidare til Sauda. Det er sett opp **ekstrabåt** tilbake igjen kl. 20.00.

Frå Stavanger går det hurtigbåt i rute kl. 07.15, via Tau, Judaberg, Jelsa m fl. Denne båten er på Hebnes kl. 08.45 og der går det buss i rute vidare mot Sauda (buss-skifte på Ropeid). Reisande frå Sand kan ta buss kl. 08.47 frå Sand kai, buss-skifte på Ropeid, og vidare til Sauda. Ankomst Sauda kl. 09.55. [stavanger-ryfylke.pdf \(kolumbus.no\)](http://stavanger-ryfylke.pdf(kolumbus.no))

Kort veg å gå bort til Folkets Hus.

Retur ekstrabåt: Kl. 20.00 med Rødne frå Sauda, anløp Sand (20.30), Jelsa (20.50), Judaberg (21.30), Tau (21.50) og Stavanger (ca 22.20).

Dersom du vil nytta deg av kollektivtransport på sjø og vil følgja Rødne frå Sauda på kvelden, kryssar du av for det i påmeldingsskjemaet.

Ved kollektivreise inn til Sauda om morgonen: Bestill båtbillett på Kolumbus i forkant, då får du 25% rabatt. Returbåt om kvelden har ytterlegare rabatt ut frå vanleg billettpris:

Sauda – Sand 50 kroner

Sauda – Jelsa 100 kroner

Sauda – Judaberg 150 kroner

Sauda – Tau 170 kroner

Sauda – Stavanger 190 kroner

Kjem du med bil?

For dei som kjem med eigne bilar er det greiast å parkera utanfor Folkets Hus. Det er ikkje mange hundre metrane å gå frå Sauda Klubb etter arrangementsslutt.

Pris og påmelding

Dersom du melder deg på Earlybird-tilbudet før 15. september får du full Arena Ryfylke-pakke til 1 500 kr + mva. Dette er pris for medlemmer i Ryfylkealliansen og/eller Næringsforeningen i Stavanger-regionen. Prisen etter 15. sept er 1750 kr + mva.

Ikkje medlemmer: 4 500 kroner + mva.

For medlemmer i Ryfylkealliansen: Hugs å bruka rabattkoden ALLIANSEN ved påmelding for å få medlemspris.

Overnatting

Ønskjer du å overnatta frå 11. til 12., eller 12. til 13. november? Me har avtale med Kløver hotell i Sauda. Arena-pris 1390 kr per natt inkludert frukost. For bestilling, send e-post til maria@ryfylkelivsgnist.no innan 5. november.

Bli medlem? Eller spørsmål om konferansen?

Ta kontakt med

Egil Hollund hollund@naeringsforeningen.no 992 93 700

Tor Øyvind Skeiseid tor@ryfylkelivsgnist.no 982 06 333

Påmelding skjer digitalt her: [Arena Ryfylke 2024 - Næringsforeningen i Stavanger \(naeringsforeningen.no\)](https://naeringsforeningen.no)

Arena Ryfylke 2024 blir arrangert i samarbeid med

